

Klageretten og rett til informasjon om denne

Utdanning- og verjemålsavdelinga



Statsforvaltaren i Vestland



18.12.2025



Oppdraget

Statsforvaltaren skal rettleie kommunane og fylkeskommunane om deltakarane sin rett til å klage, og korleis slik informasjon bør givast til klagarane. Statsforvaltaren skal rapportere om rettleiingsverksemda.

Statsforvaltaren skal setje i verk tiltak for å sikre at deltakarar kjenner til klagemoglegheita og korleis dette skal gjerast.



Proba – pågåande prosjekt

Tiltaksbruk på tvers

- Undersøking av tiltak for innvandrarar på tvers av sektorar og program
- Samarbeid med ideas2evidence, oppdrag frå IMDi
- Ser på dagens bruk, moglegheiter, utfordringar og gode grep
- Ordningar: Introduksjonsprogrammet, Kvalifiseringsprogrammet, Jobbsjansen, Sosialhjelp, Nav-tiltak
- Også utdanningsretta tiltak (FOV, VOV) og tilpassing for deltakarar med låge norskferdigheiter

• Klager etter integreringslova

- Kartlegging av kommunal praksis
- Få klager sendt til Statsforvaltaren samanlikna med talet på deltakarar
- Oppdrag frå IMDi



Klagerett etter integreringslova

- Enkeltvedtak gjort etter lova kan påklagast til Statsforvaltaren, jf. § 47
- prøve alle sider av vedtaket
 - Forvaltningslova § 34 (2)
- Når det gjelder prøvinga av det frie skjønnnet, kan Statsforvaltaren likevel berre endre vedtaket når skjønnnet er openbert urimeleg
 - leggje stor vekt på det kommunale sjølvstyret
 - særskilt kompetanse, best eigna til avgjerder
 - Skjønnsutøving i vedtak – forlenging av introduksjonsprogrammet



Kva betyr det at vi skal legge stor vekt på det kommunale sjølvstyret?

- På den eine sida vil omsynet til parten sin rettstryggleik vere eit argument for at klageinstansen kan prøve alle sider av saka.
- Omsynet til lokalt sjølvstyre tilseier at kommunens frie skjønn ikkje skal overprøvast av eit statleg klageorgan.
 - Kommunen si rett til sjølvstyre er styrka ved at den er tatt inn i Grunnlova § 49
 - I førarbeida blir det påpeikt at føresegna ikkje skal vere til hinder for statleg klagehandsaming
- Vi kan framleis prøve alle sider av saken, og regelen «inneber difor ingen rettslege avgrensingar i kompetansen til klageinstansen, men legg generelle føringar for korleis klageinstansen skal vekte omsynet til det kommunale sjølvstyret ved prøving av det frie skjønnet» (Prp.64 L (2016-2017) pkt. 7.1)



Klageinstansen sin kompetanse, fvl. § 34

Dersom vilkårene for å behandle klagen ikke foreligger, skal klageinstansen avvise saken, jfr. dog [§ 31](#). Klageinstansen er ikke bundet av at underinstansen har ansett vilkårene for å foreligge.

Avvisingsgrunnar:

- Manglande klagerett (til dømes ikkje part)
- Det er ikkje klaga på eit enkeltvedtak
- Klagefristen er broten



Forvaltningslova § 27 første ledd

- Underretning om vedtaket så «snart som mogleg»
- Hovudregel - skriftleg underretning
 - Unntaksvis munnleg eller på anna måte
 - Særleg byrdefullt eller saka hastar
 - Kan krevje skiftleg stadfesting i etterkant
- Kan late vere å underrette vedtak
 - Vedtak ikkje til skade eller ulempe, dersom openbert nødvendig



Forvaltningslova § 27 tredje ledd

Underretninga skal innehalde opplysingar om:

- Klagerett
- Klagefrist
- Klageinstans
- Framgangsmåten for å klage
- Retten til å sjå dokumenta i saka

Vedtaket kan klagast på til kommunen innan tre veker frå du fekk dette brevet. Ei eventuell klage skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland. Du har rett til å sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningslova §§ 18 og 19.



Utsett iverksetjing av vedtak

- Deltakarar kan be om utsett iverksetjing, t.d. ved midlertidig stans i introduksjonsprogrammet
- Spørsmål: Er det rimeleg å imøtekome ein slik førespurnad?
- Kommunen kan tenkje at stans mister effekt dersom ein ventar på klagehandsaming
- **Forvaltningslova § 42:**
 - Vedtak kan som hovudregel setjast i verk sjølv om det er klagd på
 - Forvaltninga må gjere ei rimelegheitsvurdering
 - Vurdere behovet for rask iverksetjing opp mot skade/ulempar for parten



Moment i vurderinga

- Skjønnsmessig vurdering: brei og konkret
- Vekt mellom:
 - Skade/ulempen for parten
 - Offentlege og private interesser i rask iverksetjing
- Relevante moment:
 - Sakens art – krev oppsettande verknad for at klageretten skal ha meining?
 - Risiko for irreversibel skade (liv, helse, større fysiske inngrep)
 - omsynet til effektiv myndigheitsutøving og samfunnsmessige behov
- Integreringsregelverket:
 - Få vedtak som er irreversible
 - Avslag på norskopplæring eller stans av program → kan føre til forseinking, men ikkje irreversibel skade
 - Normalt lite tvil om faktum → skal mykje til før utsett iverksetjing blir gitt